



Sakspapir

SAKSGANG

Utvål	Møtedato	Saknr
Formannskapet (FS)	08.03.2017	010/17

Arkiv: FA - Q80, TI - &30, HistSak - 12/858

Sakshandsamar:Jarle Kåre Oen

Arkivsaknr: 16/3847 - 4

Rullering av Trafikksikringsplan 2012-2016 - Planprogram og kunngjering av oppstart

Kort om saka:

Kommunestyret har i planstrategisaka hausten 2016 vedteke at Trafikksikringsplanen 2012-2016 skal rullerast med verknad fram mot 2020. Administrasjonen legg fram lovpålagt framlegg til planprogram og tilrår samstundes formannskapet om å varsle oppstart av planarbeidet i hht plan- og bygningslova. Dette er ein kommunedelplan og det er då formannskapet som er plannemnd etter gjeldande politisk delegasjonsreglement. UDS handterer gjennomføringa av tiltaka i planen.

Dokument vedlagt saka:

Dok.dat	Tittel	Dok.ID
01.03.2017	Kunngjering - Oppstart av planarbeid (L)(55681)	34371
01.03.2017	Framlegg til planprogram - Rullering av kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020 (L)(55680)	34372

Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

- Plan- og bygningslova
- Forvaltningslova
- Offentlegheitslova

Saksopplysningar:

Denne innleiinga i planprogrammet gjev ei avklaring på føremål, omfang og gjennomføring:

Øygarden har vore ein vekstcommune med høg innflytting i over 30 år. Dette har vore svært merkbart i åra 2011-2014 då folkeveksten var over 3 prosent årleg. Dei siste åra har folkeauken gått noko ned, men er fortsatt høg i 2016 (over 2 prosent). Kommunen legg opp til vidare vekst både i kommunesentra og i bygdene. Kommunedelplan for Rongøy og Områdeplan for Rong senterområde (sentrumssplanen) er våren 2017 i sluttfasen. Desse planane vil opna for auka bustadbygging og fortetting i Rong sentrum. Også i andre krinsar vil nye arealplanar med påfølgjande utbygging gje dei same utfordringane. Ein kommune i

fysisk endring krev oppdaterte tiltak og verkemidlar for å sikra trygg skuleveg og forbetring av trafikktryggleiken. Frå 2020 vert «gamle Øygarden» ein del av «nye Øygarden». Nye planar for heile den nye kommunen vil då ta opp i seg trafikksikringsstatusen i alle dei gamle kommunane og behovet for samla tiltak og handlingar.

Planen vil få status som tematisk kommunedelplan innanfor samfunnsplanlegginga etter plan og bygningslova (tbl), men utan heimel til arealdisponeringar. Det er eit krav i tbl at det skal utarbeidast eit planprogram for alle kommunedelplanar, også når dei skal rullerast. Som det første dokumentet i ein planprosess skal planprogrammet avklara:

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad

Rulleringa av «Kommunedelplan for trafikksikring 2012-2016» tek siktet på å oppdataera faktasituasjonen omkring trafikkskringsspørsmåla lokalt og samstundes gje ei kort evaluering av den «gamle» planen. Den rullerte planen skal vera ei plattform for kommunen til å styra trafikksikringsarbeidet i ei ønskja retning fram mot kommunesamanslåinga. Planen skal såleis vera eit verktøy for fremjing av trafikksikring og prioritering av tiltak. Den oppdaterte statusen kan ein også ta med seg til planarbeidet i den nye kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Det er lagt opp til at administrasjonen gjennomfører planarbeidet innanfor eige budsjett utan konsulentbistand. Det vil likevel bli søkt Fylkeskommunen om planmidlar (konsulenthjelp, ekskursjonar, samlingar, trykkekostnader).

Miljøkonsekvensar:

Gjennomføringa av planprosessen har ingen kjente miljøkonsekvensar

Folkehelseperspektiv:

Prosessen kan m.a. bidra til å skapa positive haldningar og gode innspel til trafikksikring i kommunen vår. Dette kan igjen fremja trivsel og bulyst som er bra for folkehelsa.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil kort gjera greie for korleis administrasjonen oppfattar saksgangen etter gjeldande politiske delegasjonsreglement. Dette er ein kommunedelplan. I hht til reglementet er det formannskapet som er rette organ og styringsgruppe for planarbeidet for denne plantypen. Utval for drift og samfunnsutvikling (UDS) har ansvar for m.a. arealplanlegging og trafikksikringsarbeidet. Dette betyr at tiltaka i endeleg rullert vedteken plan skal handterast og iverksetjast av UDS. Administrasjonen har i framlegget til handlingsprogram knytt handsaminga av planprogram og endeleg planutkast til formannskapet (og kommunestyret), jamfør delegasjonsreglementet.

Om det skal vera ein utvida handsaming via UDS både ved oppstart og etter høyringsrunden, ville ein ikkje rekka å få handlingsprogrammet vedteke i kommunestyret før sommarferien om me ser på møteplanen for alle utval i første halvår 2017.

Det vert synt til forslag til planprogram og kunngjeringstekst. Administrasjonen rår til at planprogrammet vert lagt ut til høyring og at planprosessen tek til snarast slik det er skissert i framdriftsplanen. Oppstart av planarbeidet vert kunngjort i lokalpressa og på kommunen sine heimesider. I tillegg vert Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Fjell kommune, Sund kommune og Trygg Trafikk varsla særskilt. Etter at høyringa er omme (20.

april 2017), vert planprogrammet teke opp til endeleg handsaming i formannskapet.

§ 4-2 andre ledd i pbl lyder slik vedk. konsekvensutgreiing for m.a. kommunedelplanar:

«For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse - konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn».

Administrasjonen vurderer det slik at planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing.

Rådmannen gjev slik

Innstilling til vedtak:

1. Formannskapet vedtek å varsle oppstart av rullering av «Kommunedelplan for trafikksikring 2012-2016» og legg framlegg til planprogram ut på høyring. jamfør §§ 11-12 og 11-13 i plan- og bygningslova. Høyringsfrist er sett til 20. april 2017. Det vert vurdert at planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing, jfr § 4 - 2 andre ledd i plan- og bygningslova.

2. Kunngjeringsteksten vert vedteken slik han ligg føre.

Behandling i Formannskapet (FS) 08.03.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet (FS) - 010/17

1. Formannskapet vedtek å varsle oppstart av rullering av «Kommunedelplan for trafikksikring 2012-2016» og legg framlegg til planprogram ut på høyring. jamfør §§ 11-12 og 11-13 i plan- og bygningslova. Høyringsfrist er sett til 20. april 2017. Det vert vurdert at planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing, jfr § 4 - 2 andre ledd i plan- og bygningslova.

2. Kunngjeringsteksten vert vedteken slik han ligg føre.

Siri Fahlvik Pettersen

Rådmann

Jarle Kåre Oen

Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.